

Svein T. Guntveit

5627 Jondal

09.07.13

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Protest mot planløysing for utbygging av Breisete kraftverk i Jondal kommune, Hordaland.

Viser til konsesjonssøknad med høyringsfrist 15. juli til å koma med merknader.

Underteikna er største grunneigar og fallrettseigar i prosjektet, og inngjekk i 2005 avtale med Kraftkarane om utbygging av fallet. Det som gjer at eg ser meg nøydd til å skriva dette brevet, er planløysingar og utforming av prosjektet som Kraftkarane legg opp til i konsesjonssøknaden. Planløysinga har ikkje på noko tidspunkt vore informert om/ drøfta med grunneigarar / fallrettseigarar så langt eg veit, og er dårleg kvalitetssikra.

Permanent veg til inntak i Nipevatn. Søkjar skriv (S.13): *Etter nøye vurdering er en kommet til at det bør være en permanent smal traktorveg til inntak....* Eg reagerer sterkt på at dette er planlagt utan eit ord til meg som grunneigar. Dette ser eg som eit tillitsbrot, avtalepart har tidlegare sagt at dette ikkje var naudsynt, noko **bør** i formuleringa tyder på. Røyrtraseen må stellast til etter utbygging, her må absolutt ikkje vera køyreveg, dette alvorlege naturinngrepet går eg sterkt i mot, og det må nektast.

Eg kan elles leggja til at utforming av inntak i Nipevatn verkar overdimensjonert og dårleg tilpassa landskapet.

Kulturminne. Søkjar skriv (s.22): *Det er ingen kjende kulturminne som vil bli berørt av tiltaket.* Dette er direkte feil. Dersom ein går inn på riksantikvaren si nettside kulturminnesøk.no vil ein finna automatisk freda gravrøyser/ gravminne frå eldre jarnalder på stølsvolle midt i vegtrase. Har det ikkje vore noko kvalitetssikring av planen, eller legg ein opp til miljøkriminalitet? Vegen over stølsvollen må absolutt ikkje byggjast, då den i tillegg er svært skjemmande for kulturlandskapet på stølen. Tidlegare har søkjar opplyst at ein kunne koma fram med veg langs elva. Eg minner og om at vegen frå Tveddal til Breisete/Freddal i kommunen sine planar er kalla *verneverdig*.

Plassering av kraftstasjon. På manipulert bilete er stasjonen svært eksponert plassert på ei myr, med innsikt frå alle kantar av Breisetestølen. Støyproblema kan verta betydelege i høve til no. Denne må ev. plasserast lenger sør ved elvesving som vil dempa innsikt, støy og vera betre tilpassa terrenget.

Brukerinteresser / Samfunnsmessige virkninger: (S. 23, pkt 3.14). Her skriv søkjar om utbygginga *at tiltaket vil avgjørende være med på å sikre en utsatt bosetting og næringsvirksomhet i området* (Jondal). Dette er direkte feil, utbygging vil ikkje sikra noko som helst. Eg er ein av dei siste som driv næring i området med sauehald. Tiltaket vil tvert i mot skapa vanskar for oss få som framleis driv. Elva mellom Breisete – Nipevatn er naturleg gjerde mellom Breisete og Torsnes beiteområde. Med permanent låg sommarvassføring vert elvavassing av dyra eit større problem, og må avbøtast med permanente gjerde på enkelte strekningar. Dette er ikkje nemnt med eit ord i søknaden, derimot at tiltaket ikkje berører reindrift (som er rett).

Tilhøve til hytteeigarar / rettighetshavarar på Breisete. I Breiseteområdet er det om lag 40 stølshus / hytter, meir og mindre brukte, dvs. ca. 25 stk utanom fallrettseigarane sine hytter. Ingen av desse 25 er varsla eller orienterte om utbyggingsplanane. Dei har rettar i vegen til stølen som dei er med å vedlikeheld, er medlemmer i grunneigarlaget, (Jondal Felles) og har beiterettar. Tilkomst til stølen på asfaltert veg i alle brekker, vil verta sterkt berørt og dårlegare i anleggsperioden for alle. Graving i vegfoten like vest for stølen ved elva kan medføre fare for utrasing. Dette er ikkje nemnt eller går fram av planen, og det er ikkje gjort noko forsøk på dialog med hytteeigarane. Med slik framgangsmåte er ein sikker på å terga opp folk. Eg berre minner om at ved små bygningsmessige tiltak på ein eigedom, må ein senda nabovarsel, for denne søknaden synest det stikk motsatt å vera tilfelle.

Konklusjon:

Fallet Breisete – Nipe bør ikkje få konsesjon til å verta utbygd etter dei planar som går fram av ein mangelfull kvalitetssikra konsesjonssøknad.

Ein produksjon på 8 – 9 GWh kan ikkje forsvare dei massive inngrepa det er lagt opp til, med permanent veg til Nipevatn, rasering av stølsvollen på Breisete med automatisk freda kulturminner, sers uheldig plassering av stasjonsbygning og manglande plan for tilkomst til stølen i anleggsperioden. Tiltaket vil absolutt ikkje vera avgjerande med å sikra "en utsatt bosetting og næringsvirksomhet i området".

Med helsing



Svein T. Guntveit

grunneigar og fallrettseigar